

## Simenrud (gnr. 138)

Namnet kjem vel helst av mannsnamnet Sigmundr. Skrivemåten av namnet har vore skiftande, men som regel godt kjenneleg.

I skrivne kjelder finn ein garden nemnt i 1528, og brukaren der, Gudbrand Symenrud, var blant dei 46 namngjevne fåbergingane som var med og svara ekstraskatten Gjengjerden. Ein mannsalder seinare betala i 1561 Jonn Simmenrudt skatten Foring med 1 faar. Frå same året er det og fortalt om Simen på Simenrud at han ”dulde 4 kuleiger som lå til kirken at gi skatt av”, og for det fekk han ei pengebot på 1 dalar. I den tid var altså Simenrud heilt eller for ein del kyrkjegods. Dette går og fram av Stiftsboka for 1578. Der er gardnamnet skrive Simmenrudt.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av Bygningsskatten 1594. Der er Simenrud ført i gruppa for ”Halfue Gaarde”, i alt 21 gardar, som var skattlagde for 30 skilling kvar. Elles var det 28 gardar som betalde 60 skilling kvar og vart rekna for Fullgardar, og 22 gardar vert rekna i gruppa for ødegardar, som betalde Bygningsskatten med 1 ort kvar. Ti år seinare vart i 1604 korntienda av Simenrud utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tønner. – Men 6 år seinare var i 1610 Simenrudt vorte krongods av skyld 2 huder, og brukaren der heitte da Halvor.

År 1624 går det dessutan fram at Haldvor Semmenrud var jordeigande bonde og åtte jordegods til 8 skinn landskyld i Lien i Fåberg og gods til 4 ½ skinn i søre Bø i Gausdal. Kring tjuge år seinare kom garden, Sigrj Semmerud, som betalde skatten for 2 Mandfolch og 1 Quindfolch med i alt 1 mark 8 skilling.

Meir om storleiken på gardane går fram av manntalet for kvegskatten 1757. Der er brukaren kalla Siffuer Semenrud, og husdyrhaldet var da 1 hest, 2 hopper, 12 naut og 12 sauer. – Åtte år seinare skulle det og vera ekstra utskriving av soldatar, og det er da oppgitt at det var 3 vaksne karar på ”Simen Ruud”. Det var brukaren Siffuert Halvorsen, som var 50 år, tenestekaren Elluf Halvorsen, 56 år, og husmannen Christofer Olsøn, som var 40 år og soldat. År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Simonrud med underliggende Hellerud” fortalt at ”Engen er Temmelig, Kand ej widere forbedris –”. Og det var ”Schoug allene till brendewed”. Men buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 15 naut, og korntienda vart utreidd med 2 ¾ tønne, som altså svara til ei årleg kornavling på 27-28 tønner. Det var sæter og sommarbeite for krøttera på ”Scheilbresetter”, og garden hadde eiga kvern som det vart svara kverntoll av. Kven som da var brukar på ”Simonrud” er ikkje nemnt, men garden var da krongods og låg til ”Kongen alene” med all si landskkyld, som framleis var 1 hud 1 ½ bpd. fisk, men landskylda kunne og svarast med 2 ½ pd. 8 mrk. smør.

Av femten år seinare er ei sak som varslar om nye tider på Simenrud, og saka er etter utskrift av tingboka ref. slik:

”Simenrud i Fåberg.

Tollersrud i Fåberg 1. mars 1683.

Tor Liusgaard har innstevnt Sifuer Simenrud fordi han ikkje vil ryddiggjøre for ham grd. Simenrud, som citanten har kjøpt.

Partene ble såleis forenet at de nyder det halve bruk inneværende år og ved årets udgang ryddiggjøres gården for Tor Liusgaard. For bøksele betaler Tor Liusgaard 24 rd.”

Ved same ting vart og lese dette skjøte, også etter utskrift:

”Skjøte fra oberstløytnant Georg Reiehwin til Tor Pedersen på odelsgrd. Simenrud av skyld 1 hud 1 ½ bismerpd. fisk med underliggende Helgerud ødegård og kvernstø samt Ulfsrud av skyld 1 hud, alt med bøksele.”

Fjorten år seinare vart dette endra slik at Peder Tordsen Simenrud fekk skjøte på odels- og åsetesrett i grd. Simmenrud av skyld 2 huder.

Peder Tordsen, som dermed tok over som husbonde på Simenrud, vart gift med Inngjerd Pedersdr. f. 1668, og dei fekk mange born. Dei var: 1. Tord f. 1686, død 1674, 2. Marit f. 1687, gift med Ole Flygstad, 3. Jens Pedersen Blegen f. 1692, 4. Syver Snertingdalen f. 1700, g.m. Sigrid Andersdr. Snertingdalen, 5. Ole f. 1705, 6. Beret f. 1710, 7. Peder f. 1712, død 1732.

At Peder Simenrud var ein framsynt og drivande kar går dessutan fram av ei sak som etter utskrift har denne ordlyden:

”Gustum i Faaberg 10. septb. 1720.

Kontrakt mellem de 2 brødre, serg. Tord Pedersen og soldat Jens Pedersen. Da deres far Peder Simensen eier 2 gårde, neml. Simenrud 2 huder, og Søndre Blegen 1 hud 9 skind, inngår de med faderens vilje forening om at serg. Tord Pedersen skal nyde åsædet på Blegen inntil broderen Jens Pedersen dertil trenger, men når faderen avgår ved døden eller broderen trenger til gårdsbruk, skal Tord Pedersen som eldste søn vike til Simenrud og Jens Pedersen til Blegen. Dat. 10. juni 1720.”

To år seinare døde faren Peder Tordsen, og det var skifte på ”Simmenrud i Faaberg”. Ved dette skiftet var både jordegordset Simenrud av skyld 1 hud 1 ½ bsp. og Blegen av skkyld 1 hud 9 skd. medregistrert i arvebuet, som dermed utgjorde brutto 546 rd. og netto 299 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingjerd Simenrud dei 6 av borna som da var i live. Fleire nyare opplysningar om gardane kom i og med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Simmenrud med Hellerud” fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god. Buskapen på garden var da: 3 hestar, 1 føl, 20 naut, 18 sauer og 9 geiter, og den årlege utsæd var 5-6 tønner bygg og 1 skjepp rug. Oppsittar på garden var da enka Ingjerd Pedersdr., og det er oppgitt at Kongen enda åtte jordegods til 12 mrk. fisk i garden. Det er vidare opplyst at det var 1 husmannsplass med brukande jord.

Eldste sonen, Tord Pedersen Simenrud f. 1686, var to gonger gift, først med Marit Halvorsdr., som døde i 1729, og s`med Mari Olsdr. Reistad. I første ekteskapet var det fleire born. Dei var: 1. Kjersti f. 1710, g. 1741 m. Jens Tollersrud, 2. Peder f. 1712, 3. Kari f. 1720, g. 1748 m. Hans Olsen Alfsberg, 4. Halvor Helleberg f. 1722, 4. Ingjerd f. 1723, g. 1741 med Ole Larsen Kjetlien, 5. Christen f. 1725, 6. Ole f. 1728.

Den 14. juni 1743 gav så søskena felles skjøte til eldste broren, Peder Tordsen f. 1712, på farsgarden Simenrud av skyld 2 huder 4 skind for kjøpesum 260 rd.

Peder Tordsen f. 1712, som dermed tok over som eigar og brukar på Simenrud, hadde i 1741 gifta seg med Anne Olsdr. Thallaug f. 1722, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei var: 1. Ole f. 1743, 2. Christen f. 1745, g.m. Ingrid Kristofersdr. Fonstad, 3. Tore f. 1747, død 1749.

Men samtidig døde og mora, Anne Olsdr., og det var da atter dødsbuskifte på ”Simenrud av skyld 2 huder 4 skinn, verdsett til 260 rd., og buet utgjorde brutto 454 rd. og netto 344 rd. Enkemannen gifta seg så oppatt med Beret Eriksdr. Grønlien, og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Dei var: 1. Johannes f. 1750, 2. Anne f. 1753, 3. Marte, f. 1755, 4. Mari f. 1758, g. 1784 m. Peder Simensen Heggen, 5. Tore f. 1761, 6. Eli f. 1763.

Peder Tordsen brukte garden til 1773. Da skjøte han Simenrud, framleis av skyld 2 huder 4 skinn til eldste sonen, Ole Pedersen Simenrud f. 1743, for kjøpesum 598 rd. og føderåd til foreldra for resten av levetida.

Husbonden som da tok over, Ole Pedersen Simenrud f. 1743, gifta seg i 1781 med Kari Arnesdr. nedre Dal, og dei fekk 5 born. Det var: 1. Peder f. 1781, 2. Anne f. 1783, d. Arne f.

1784, 4. Ole f. 1786, død som barn, 5. Kari f. 1799, g. 1833 m. Kristen Kristensen Ulland, f. 1798.

Ole Pedersen Simenrud var framleid brukar av garden også i 1797. Han hadde da lånt 800 rd. av lensmann Fliflet. Truleg skulle pengane eller ein del av dei brukast til bygging eller restaurering av husa på garden.

Men i 1798 var Ole Pedersen Simenrud død, og det var da atter skifte på "Simenrud i Faaberg". – Ved dette skiftet vart jordegodset i skiftebuet, Simenrud var skyld framleis 2 huder 2 bsp. fisk, taksert for 100 rd., og buet utgjorde brutto 1300 rd. og netto 396 rd.

Arvingane ved skiftet var enka Kari Arnesdr. og dei fire borna i ekteskapet som da var i live: Peder, Arne, Anne og Kari. Eldste sonen, Peder Olsen, var da 17 år.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da fem familiar på og/eller ved Simenrud. Det var:

1. familie: 1. Kari Arnesdr., husmor og gardbrukar, 45 år, 2. Peder Olsen, son på garden, 20 år, 3. Anne Olsdr., dotter på garden, 18 år, 4. Arne Olsen, son, 17 år, 5. Kari Olsdr., dotter på garden, 4 år. 6. Ingeborg Christensdr., tenestkvinne, 52 år, 8. Martha Christensdr., tenestkvinne, 20 år, 8. Marit Olsdr., føderådskvinne, 78 år.
2. familie: 1. Christen Olsen, husmann med jord, 63 år, 2. Marit Olsdr., kona hans, 64 år.
3. familie: 1. Ole Christensen, husmann med jord, 27 år, 2. Anne Hansdr., kona hans, 24 år, 3. Christen Olsen, son deres, 2 år.
4. familie: A. Hans Christensen, "Inderste uden Jord og gaaer i Dagleie", 23 år, 2. Sigrid Arnesdr., kona hans.
5. familie: Tord Jensen, husmann med jord, 52 år, 2. Anne pedersdr., kona hans, 48 år. 3. Ole Jacobsen, ugift, skreddar

Tre år seinare gav i 1804 enka Kari Arnesdr. Simenrud skjøte til eldste sonen sin, Peder Olsen, på ættegarden Simenrud for kjøpesum 998 rd. og føderåd til mor hans Kari Arnesdr. for resten av levetida.

Kjøparen Peder Olsen f. 1781, som da tok over drifta av garden, gifta seg i 1805 med enka etter Simen Syversen Prestrud, Kari Eriksdr., f. 1777, og dei fekk sju born. Dei var: 1. Ole f. 1806, 2. Erik f. 1810, 3. Kristian f. 1812, død 1813, 4. Kristian f. 1814, 5. Helene f. 1816, 6. Mari f. 1820, 7. Ole f. 1823.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Simenrud fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 4 hestar og 20 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 72 tønner.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Simenrud fekk da som si nye matrikkelskyld: 10 skylddalar 1 ort 5 skilling, og det var framleis Peder Olsen Simenrud som var eigar og brukar av garden. – Men i 1843 skjøta så hudbonden Peder Olsen ættegarden over til sonen Ole Pedersen f. 1806 og samtidig gav så den nye husbonden føderåd til foreldra sine etter kontrakt.

I 1840-50-åra var det fleire utskiftingar av sameigemark og –skog der også Simenrud fra gamalt av hadde bruksrettar. I 1840 vart det såleis avfatta ei kontrakt om å virke i "Østtorpens Sætersameie", og i 1854 var det utskifting av Fåberg Vestfjell. Vidare var det i 1870-71 utskifting av Skjelbrei og Aalkjernsmarkens Sameieskov".

Husmannsplassen Tollevsløkken under Simenrud er omhandla i 849 og 1856. Ole Simenrud gav da bruksseddel til Ole Halvorsen og kona hans på "Brugen af Pladsen Tollevsløkken".

Året etter er eit kommisjonsforlik mellom Ole P. Koxlien og Ole Simenrud om "et Hegn m.m. paa Flugstadvolden".

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nye opplysningar om gardane og gardsbruket. Der er det om grd. Simenrud oppgitt at det samla jordbruksareal

av åker, eng og sæterlykkjer i den tid utgjorde 340 mål, og av dette var 113 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Simenrud med plassar tilsm. Utgjorde 6 hestar, 28 storfe og 19 småfe, og at utsæden det året hadde vore: 15 ½ tønne orn og 12 ½ tønne settepoteter. Det går elles fram at i denne tid var det enka Anne Simensdtr. Som var brukar og eigar av Simenrud. Men i 1882 skjøta så mora Anne Simensdtr. garden over til son sin Peder Olsen Simenrud for kjøpesum kr. 7000 og eit føderåd var sett til kr. 2000. I samband med denne handelen lånte kjøparen Peder Olsen Simenrud tilsm. Kr. 8100 av dei fem søskena sine Kristian, Hans, Oluf og Martinus Olssøner og Karen Olsdtr. Simenrud. I 1890 gav og Peder Olsen Simenrud føderådskontrakt til Erik Pedersen Simenrud, alt trekk som tyder på eit godt samhald innan ætta.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Simenrud i Fåberg fekk da gardsnr. 138 av samla skyld 16,29 mark, og det var enda Peder Olsen som var eigar og brukar av garden Simenrud. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det fortsatt berre eitt bruksnummer under gardsnummer 138, altså grn. 138, brn. 1 Simenrud av skyld 16,29 mark. Tre år seinare budde det ved kommunevale ti 1907 åtte personar med røysterett på og/eller ved Simenrud. Dei var: 1. Gardbr. Per Olsen Simenrud, 60 år, 2. Kristian O. Simenrud, Rud, furer, 53 år, 3. Hans O. Simenrud, arbeidar, 51 år, 4. Martinus O. Simenrud, snikkar, 44 år, 5. ?? 6. husmann Johan Larsen, Tollefløkken, 59 år, 7. husmor Johanne Gundersdtr. Tollefsdtr., 56 år, 8. husmann Anton Simensen Myren, 32 år. 9 Peder kristensen Haugen, lagger, 72 år. Dette var enda i den tida da røysterettsalderen var 25 år. Av handlar i seinare tid med grn. 138 Simenrud tek vi elles med at i 1925 kjøpte så Ole Grønlien ættegarden Simenrud av Per (Peder) Simenrud, som var onkel til kona hans, Anne O. Grønlien, f. Simenrud.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 vart det registrert to bruk under grn. 138 med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på kvar for seg meir enn 10 mål (da). Dei var: a. grn. 138, brn. 1, Simenrud med eit jordbruksareal på ca. 250 mål, som Ole Grønlien framleis var eigar og brukar av, b. brn. 1 Toløvløkken, jordbr. areal ca. 15 mål, som Elias Toløvløkken var brukar av.